



Teigen Byggteknikk AS  
Salhusveien 55  
5131 Nyborg

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksbehandlar – tlf.	Arkivkode	Dato
	2007/2451 - 19323/2007	Frode Moum -	123/146	29.10.2007

Delegert sak

## **Rammeløyve for oppføring av tomannsbustad – Gbnr 123/146 - Risa**

Vi viser til søknad om løyve til tiltak, motteke 24.10.07 og vedlagt:

- teikningar m/ terrengprofil
- situasjonsplanar
- søknad om lokal godkjenning av føretak
- søknad om ansvarsrett
- kvittering for sende / mottekne nabovarsel
- kontrollerklæring for prosjektering

### **Saksutgreiing / Vurdering:**

#### Dispensasjon:

Det ligg ikkje føre søknad om dispensasjon sjølv om ei godkjenning krev dispensasjon frå reguleringsføresegnene § 4, som seier at bustadane kan oppførast i 1 høg, men at bygningsrådet i visse høve kan gje løyve til 1 ½ høg. Omsøkte bustad søkjast oppført i to heile høgd.

Det har ikkje komen merknader frå naboar om dette. Etter kommunen si vurdering vil ikkje ein dispensasjon frå den aktuelle føresega gje særleg andre ulempar for naboane enn kva ein bustad med 1 ½ høg ville gjeve på grunn av at takvinkelen for husa er relativt låge.

Kommunen har ingen merknader og rår til at det vert gjeve dispensasjon frå den aktuelle føresegna.

#### Det er lagt fram ansvarsrettar:

SØK, tiltaksklasse 1, ansvarleg søkjar for bygning.

PRO / KPR, tiltaksklasse 1, for prosjektering / kontroll av prosjektering av småhus.

PRO / KPR, tiltaksklasse 1, for prosjektering / kontroll av prosjektering av rørinstallasjonar.

UTF / KUT, tiltaksklasse 1, for utføring / kontroll av utføring av rørinstallasjonar.

#### Det er lagt fram kontrollerklæringar frå:

KPR, bygningar og installasjonar.

KPR, rørinstallasjonar.

## Gebyr.

Gebyr for sakshandsaming vert fastsett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ pkt. C.3.3. Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

C 3.3. Søknadsppliktige tiltak (Pbl § 93)			
Basisgebyr. Tiltakskl.1. Første bueining	7.800		7.800,-
Bueining 2 – 5, 50 %	3.900	1	3.900,-
Tilleggsgebyr, lite			2.200,-
C 3.2. Dispensasjon C 3.2.			8.200,-
<b>SUM</b>			<b>22.100,-</b>

## **Vedtak:**

Med heimel i Plan- og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå plan- og bygningslova § 31 nr. 1, jf. føresegnene slik at tiltaket kan verte oppført. Det kan ikkje påreknast at det seinare vert gjeve fleire dispensasjonar utover det som her vert gjeve.

Søknaden om rammeløyve til tiltak etter plan- og bygningslova § 93, vert godkjent i samsvar med innsende teikningar, planar og utgreiingar elles på følgjande vilkår:

1. Bygget skal plasserast i samsvar med situasjonsplan motteke 24.10.07, med topp ferdig golv på kote +25,5. Kontroll av plassering skal utførast av kontrollansvarleg landmålar før arbeid med grunnmur / ringmur vert sett i gang, **og dokumentasjon med koordinatar og høgdeplassering skal sendast til kommunen omgåande.** Det skal også sendast inn tilsvarende dokumentasjon på ferdig bygg (PBL § 70 nr. 1).
2. Eigedomen (bygget) skal knytast til offentleg vatn og avløp. I samsvar med sanitærreglementet for Lindås kommune skal søknad om tilknytning og melding om utføring av sanitæranlegg sendast til kommunen si VVA-avdeling på særskilt skjema vedlagt turvande planar.
3. Arbeid kan ikkje settast i gang før igangsettingsløyve er gjeve. Igangsettingsløyve vert ikkje gitt før kommunen har godkjent søknad rett til å knyta seg på offentleg vatn og avlaupsnett.
4. Tiltaket må ikkje takast i bruk før mellombels bruksløyve/ferdigattest er gjeve (pbl § 99).

Arbeida må vera sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeida er innstilt i meir enn 2 år (jf. Pbl. § 96).

## Godkjenningar i samsvar med Pbl §§ 93 b, 98 og 98a.

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

SØK	Ansvarleg søkjar	Teigen Byggteknikk AS
PRO/KPR	Småhus	Teigen Byggteknikk AS
PRO/KPR	VVS-arbeid	Kvalheim VVS AS
UTF/KUT	VVS-arbeid	Kvalheim VVS AS

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Tor Hegle  
fagleiar byggesak

Frode Moun  
rådgjevar byggesak

Kopi til:

1. Roger Vatnøy Holding, Postboks 151, 5903 Isdalstø
2. VVA, teknisk drift her.